

Ledige plassar på basecampen i Uskedalen

27.05.2009



For to år sidan var basen ved Fjellandsbøvatnet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

"I Uskedalen ligg glattkurte granittvegger og venter på sultne klatrere". Slik skriv DNT Fjellsport Bergen i påmeldingsskjemaet til Basecamp Uskedalen som dei held med utgangspunkt i Rabben Feriesenter til helga. Der skal dei liggja i lavvoar.

Men det er framleis ledige plassar, opplyser Hanne N. Olsen til Uskedalen.no



Bergensungdom i Uskedalen for to år sidan. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fjellsportgruppa strekar under at med flertaulengders ruter frå grad fire og oppover er dette ein fantastisk stad for dei som kan klatra på naturlege sikringar. I tillegg er Uskedalen eit fantaastisk utgangspunkt for toppturar, padling og brevandring, vert det understreka. Det er rett og slett eit fjellsporteldorf, slår arrangøren fast.

Deltakarane i basecampen kan bruke tida på dagtid som dei har lyst til – det blir ikkje lagt opp til nokon organiserte turar. Men fleire forslag blir lansert. Ein av dei er sjølvsagt klatring. Det blir opplyst at Uskedalen er det nærmeste ein kjem storveggsklatring i umiddelbar nærleik til Bergen. Veggane er opptil 600 meter høge, fjellkvaliteten av ypperste sort og rutene mange og lange.

Med omsyn til brevandring blir det peika på at det mest kjente og kanskje mest spektakulære brefallet er Bondhusbreen. Og det er ein flott tur å gå heile brefallet frå botn til topp, gjerne i kombinasjon med ei overnatting på Fonnabu.

Når et gjeld skisport blir det minna om at det framleis er mykje snø i fjellet og mange bratte fjellsider i Rosendalsalpane. Og av fotturar og toppturar er det masse å velgja i, Ulvanåso og Englafjell ligg i gangavstand frå lavvoen og Rosendalsalpane er ikkje langt unna, blir det påpeika.

Med omsyn til padling står det å lesa at fjorden skvalpar nesten heilt opptil lavvoen der den ligg på Rabben.

Av Ola Matti Mathisen



Glattkurte granittvegger ventar...(Foto: Ola Matti Mathisen)